

# Detaljregulering for RAN seglsportanlegg, gnr.37 , bnr.8, 226 og 66. - Anglevik

PLANID:  
SIST REVIDERT:  
VEDTEKEN:



## INNHALD

1. SAMANDRAG .....	2
2. NØKKELOPPLYSINGAR .....	3
3. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET .....	4
3.1. Intensjonar og mål med planframlegget .....	4
3.2. Kvalitetar som planframlegget bidreg med .....	5
4. PLANPROSESSEN .....	5
4.1. Oppstartsmøte .....	5
4.2. Varsel om oppstart av planarbeidet .....	5
4.3. Medverknadsprosess .....	6
4.4. Konsekvensutgreiing .....	7
4.5. Konflikhtar eller heimlar .....	7
5. GJELDANDE PLANSTATUS OG OVERORDNA RETNINGSLINER .....	7
5.1. Rikspolitiske retningslinjer .....	7
5.2. Regionale planar .....	7
5.3. Kommunale planar .....	7
5.3.1. Arealdelen til kommuneplanen .....	7
5.3.2. Kommunedelplanar areal .....	8
5.4. Reguleringsplanar .....	10
6. FORSKRIFT OM KONSEKVENSGREIING .....	10

## 1. SAMANDRAG

RAN seilforening er eit idrettslag under Norges seilforbund/Norges idrettsforbund. Anlegget i Anglevik vart etablert i 1906 og har stegvis utvikla seg fram til i dag. Anlegget er i dag basert på ein reguleringsplan frå 24.09 1992. Denne planen omfattar og sjøarealet, inkludert ein molo som ikkje er realisert grunna økonomi. Den flytande hamna som i dag delvis erstattar molo, har vist som ueigna som vinterhamn pga av eksponeringa mot fjorden. Samstundes er det trong for å utvikla arrangementsarealet slik at anlegget møter krav til å arrangera nasjonale og internasjonale meisterskap. For å imøtekoma krava til ei trygg hamn og eit framtidssretta seglsportanlegg, legg denne planen opp til ei mindre utviding av eksisterande plan på sjøsida.

Med eit ope anlegg for ålmenta slik det er i dag, vil utvida molo og arrangementområde i kombinasjon med eksisterande kvalitetar på landsida, styrka anlegget sin karakter som friluftsområde for heile regionen. Heile anlegget får universell utforming slik at det er eigna for alle.

## 2. NØKKELOPPLYSINGAR

	Skriv her (kortfatta) ↓
Gnr./bnr. (hovudeigedommen)	RAN seilforening, Gnr 37 bnr 8, 226 og 66 i Anglevik.
Gjeldande planstatus (regulerings-/kommuneplan)	Planområdet erstattar delar av arealet i eksisterande reguleringsplan (Planid 19920003) med stort sett same føremål, men med utvida grense mot nord og aust ut i sjø.
Forslagstillar	RAN seilforening
Grunneigarar (gnr./bnr. på <u>alle</u> eigedommane innanfor planområdet, ev namn på grunneigarar)	RAN seilforening, Gnr 37 bnr 8, 66 og 266 Anglevik
Plankonsulent	ARD
Hovudformål	Etablere sikker molohamn og utvidia areal for seglforeninga sine båtar og aktivitetar.
Storleik på planområdet i daa	Ca 26 dekar der ca 2.5 mål er tillegg til eksisterande plan med reint sjøareal.
Samla % BYA for heile planområdet	Ikkje aktuelt
Aktuelle problemstillingar	Inga endringar frå dagens status
Er det varsla motsegn? (ja/nei)	nei
Konsekvensutgreiingsplikt (ja/nei)	nei
Oppstartsmøte, dato	11.04.2019
Kunngjering oppstart, dato	
Vedtak om oppstart (gjeld t.d. off. reg. planar og planar i strid med overordna plan).(ja/nei)	
Informasjons- eller folkemøte, dato	Tysdag 7. januar

Vedtak om offentlig ettersyn, dato	
Høringsperiode, dato frå - til	16.12.19 til 7. 02.20 (utvida pga. jule- og nyttårshelga)

### **3. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET**

#### **3.1. Intensjonar og mål med planframlegget**

RAN Seilforening har hatt store utfordringar med noverande flytande anlegg. Opprinneleg reguleringsplan la også opp til en mololøysning, men denne let seg ikkje realisere av økonomiske årsaker. I staden vart det omregulert til eit flytande anlegg. Dette har ikkje denne fungert på ein god måte. Anlegget har krevd omfattande vedlikehaldsarbeid. Likevel har det oppstått store skader på bryggjer og båter og dermed tunge økonomiske belastningar for foreinga, medlemmane og forsikringsselskapet.

Potensialet for vidare øydelegging er uakseptabelt store og skaper ein situasjon det er vanskelig å leve med framover. Om anlegget totalhavarerer i en

ekstremvær situasjon, vil det kunne lamme den sportslege aktiviteten og truga laget sin økonomi. Vidare vil eit stort havari representere ei stor miljøutfordring med knuste brygger og båtar. Ny molo er ein føresetnad for ei trygg hamn og lave driftskostnader. I tillegg vil ei sikker hamn gje betydeleg oppgradering av idrettsanlegget gjennom større aktivitetsområder. For ålmenta representerer det og auka verdi som friluftsområde.

### **3.2. Kvalitetar som planframlegget bidreg med**

Sikker hamn. Betydeleg utviding av areal for seglarrangement og ålmenne friluftssinteresser.

## **4. PLANPROSESSEN**

### **4.1. Oppstartsmøte**


Møtet vart halden 11.04.19. Seglforeninga møtte stor forståing for at det var trong for ein justert reguleringsplan med ei mindre utviding av sjøarealet. Det vart skrevet eit referat frå møtet som RAN har brukt som bakgrunn i planarbeidet.

### **4.2. Varsel om oppstart av planarbeidet**

16.12.19 vart det sendt ut varslingsbrev og sett inn annonse i avis og på nettsida til RAN.. Liste over kven som er blitt varsla vedlagt.

## Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid

I medhald av plan og bygningslova (pbl) § 12-8 vert det med dette varsla at det skal setjast i gong detaljregulering for RAN Seglbåthamn, gnr. 37 bnr.E2, 66 m. fl. - Anglavika, i Fjell kommune.



RAN seilforening er tiltakshavar.

Arkitektgruppen CUBUS AS saman med Ard arealplan as er konsulentar for planarbeidet.

Aust for planområdet går kommunen sin hovudavlaupsleidning ut til Hjeltefjorden – noko ein må ta omsyn til. Det er vurdert at planen ikkje fell under vilkåra etter forskrift om konsekvensutgreiing.

Planområdet vil verte knytt opp mot eksisterande båtanlegg for RAN seilforening i planen for RAN Seglbåthamn, gnr. 37 bnr.E2, 66 m. fl. - Anglavika, i Fjell kommune. Føremålet med planarbeidet er å sikre hamna til idrettslaget RAN seilforening då erfaring syner at anlegget i dag ikkje toler belastninga ved kraftig vind frå nord og bylgjer frå skipstrafikken i hovudleia inn til Bergen.

I tillegg vil ein utvide anlegget for å kunne arrangere større nasjonale og internasjonale meisterskap, og tilrettelegging betre for allmenn bruk med universell utforming.

Vi inviterer til samarbeid og medverknad i den kommande prosessen. Det vil verte gjennomført nabomøte den **07.01.20** i klubbhuset til RAN seilforening i Angevikvegen 115. Her vil det bli høve til å stille spørsmål til dei nye tiltaka og planane.

Innspel eller merknader kan sendast skriftleg til: Ard arealplan as, Nygårdsgaten 114, 5008 Bergen, eller e-post: [post@ardarealplan.no](mailto:post@ardarealplan.no)

Frist for merknader er sett til 7. Februar 2020, som er sju veker grunna jul -og nyttår.

Meir informasjon: [www.ardarealplan.no](http://www.ardarealplan.no) eller tlf. 55 31 95 00. Ytterlegare informasjon om tiltaka ligg også på sida til [www.ranseil.no](http://www.ranseil.no).

**Ard**  
arealplan

### 4.3. Medverknadsprosess

For RAN seglforening representerer planen eit stort løft både administrativt, praktisk og økonomisk. Det var viktig å ha heile laget med på planane. Det vart difor oppnemnd ei faggruppe under styret som skulle stå for utgreiingsarbeidet og leggja fram ulike skisser til løysing. Fleire skisser vart utarbeidd, og på eit medlemsmøte den 20. november 2019 vart

dette presentert i eit medlemsmøte. Det vart einstemmig godkjent å gå vidare med ei skisse som noværande framlegg er basert på. Endeleg vedtak om å gå vidare med det forslaget som no ligg føre , vart vedteke på eit ekstraordinært årsmøte 28. oktober 2019

#### **4.4. Konsekvensutgreiing**

Planen gjeld ei mindre utviding i sjø av gjeldande og planutløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing. Dette vart stadfesta i oppstartsmøte 11.04.19.

#### **4.5. Konflikthar eller heimlar**

Det er ikkje registrert konflikthar, heimlar eller retthar som kan gjera det utfordrande å gjennomføra tiltaka i planframlegget.

### **5. GJELDANDE PLANSTATUS OG OVERORDNA RETNINGSLINER**

#### **5.1. Rikspolitiske retningslinjer**

Dette er ein plan som i sin karakter utviklar kvalitetar for ålmenta slik det vert vektlagt i ei rekkje nasjonale, regionale og lokale planar. Grunnen er at planen legg vekt på sjøbasert idrett for alle aldersgrupper, men særskilt for barn og unge. Vidare at anlegget er ope og tilgjengeleg for ålmenta som eit friluftsområde.

#### **5.2. Regionale planar**

A Planen er basert på intensjonane i regionale planar som Regional kulturplan 2015-2025 og , Regional plan for folkehelse 2014-2025.

#### **5.3. Kommunale planar**


Kommuneplan for idrett og fysisk aktivitet. 2011-18

Kommuneplan for bustadutvikling 5.2.3 sosiale møteplassar og høve for aktiviteter.

##### **5.3.1. Arealdelen til kommuneplanen**

Planstatus i kommuneplanen er småbåthamn.

Det er ikkje endringar i høve til planstatus på landsida. Alle endringar ligg på sjøsida i form av utviding av molo og nye arrangementsområder




Kartutsnitt som viser eksisterande kommuneplan med det regulerede området til RAN seglforening. **Raude line** viser utvida areal opp mot tilgrensande reguleringsplan frå utsleppsleidingane frå Storanipa renseanlegg

### 5.3.2.Kommunedelplanar areal

Det føreligg ikkje nokon kommunedelplan for område.

Kartutsnittet under er frå kommune oversikt over eksisterande planer i tilstøtande område.. Det nye forslaget flyttar reguleringsgrensa for eksisteranse seilsporanlegg mot aust inntil reguleringsgrensa for Storanipa renseanlegg. (Blått uskravert felt). Dette renseanlegget har seinare fått ny grense revidert nærare moloanlegget gjennom eit nytt vedtak -saksnr. 18/153 Fjell kommune. Dette plandokumentet er basert på den nye reguleringsgrensa, og fyllingsfoten er justert til trygg avstand frå leidningane. Dette framgår av plankart.






Reguleringsstatus Anglevik. Mot sør grensar RAN seilforening sin noverande plan (Planid: 19920003) til eit bustadområde Planid: 20090001.

Mot aust til: «DETALJREGULERINGSPLAN FOR STORANIPA HOVEDAVLØPSREINSEANLEGG, LITLESOTRA PLANIDE: 1246 20140010» (Blått område)

## 5.4. Reguleringsplanar



Plankartet som viser reguleringsgrense (prikka svart line) langs eksisterende kaifront og langs grensa til tilstøytande reguleringsplan mot aust. To prikka raude liner viser ny godkjent trase for avlaupsanlegget frå Storanipa rensanlegg. Brei raud stripe viser fyllingsfot på botn.


## 6. FORSKRIFT OM KONSEKVENsutGREIING

Det er ikkje krav om konsekvensutgreiing. Avklart av kommunen i oppstartsmøtet.

## 7. SKILDRINGAR AV PLANOMRÅDET I DAG


I dette kapittelet skal dagens situasjon skildrast utan å knyta forholda til planframlegget.

## 7.1. Lokalisering



Planområdet i Anglevik vist med gul skravering i rød ring i høve til sentrale områder i regionen, 5 min fra kommune og handlesenteret på Straume (blå ring). Ca 20 min fra Bergen sentrum. Busstopp med hyppige avganger mot Straume og Bergen like ved seglsportanlegget

## 7.2. Avgrensing og størrelse på planområdet



Planområdet ligger på utsiden av dagens kai med naust, klubbhus og tilknyttet kaiområde. Planen representerer ei utviding i sjø mot nord for Vikholmen, men også en reduksjon av området avsatt til molo i eksisterende plan mot øst grunnet den nye hovedavløps fra Storanipa renseanlegg. Planområde ligg fra kai fronten på seilspportanlegget og til

grensa mot regulert område i sjø for avlaupsledning. Heile fyllingsfoten vil liggja innanfor plangrensa.

### **7.3. Grunngeving av planavgrensinga**

Plangrensene kjem fram naturleg innanfor eksisterande reguleringsplan (kaifront) og tilgrensande reguleringsplanar.

#### **7.3.1. Skildring av dagens bruk av planområdet**

Største delen av planområdet er i dag brukt som båthamn og seglsportanlegg. Ny plan medfører ei utviding i sjø mot nord med same føremål.

### **7.4. Topografi og landskap**


Viser til [vedlegg 4 Illustrasjonar](#) der dette er vist i detalj. S

#### *Sol- og lysforhold*

Heile området har gode solforhold heile året.

### **7.5. Lokalklima**

Når det gjeld klimatilhøve så er det ikkje registrert noko form for problem som fylje av nedbør. Det er særleg vind frå nord som er problem for området. Ein vesentleg del av føremålet med planen er å motverka at dette skal gjera anlegget utsett for store skadar og driftskostnader.



*Eksposering mot nord og skipsleia inn til Bergen*

## 7.6. Stadens karakter

### 7.6.1. Eksisterende bygningar

Noverande anlegg ligg vakkert til ved fjorden, omkransa av kulturlandskap, eldre bygnader og nye bustadfelt. Dette vil gå fram av bilete under. Kommune og senterområdet i regionen ligg fem minuttar unna.



*Bilete som viser seglsportanlegget i høve til omkringliggjande kulturlandskap, bustad og hytteområder.*

## 7.7. Naturverdiar og landbruk

Det gamle kulturlandskapet i omgjevnadene til seglsportanlegget vert i dag ikkje drifta og er soleis i stor endring som fylje av gjengroing og tomteutvikling. Området har naturverdiar i høve til unyttta areal.

Sjølve planområdet ligg berre i sjø og på den vesle Vikholmen som ikkje har vegetasjon å rekna med. Vikholmen vil i planen ikkje endrast men liggja som eit naturleg svabergområde inn mot molo og aktivitetsområdet. Med si største høgt på ca. 5 meter havet vil holmen gje eit fint utsyn mot regattabanene utanfor.



Vikholmen

## 7.8. Rekreasjonsverdi, rekreasjonsbruk og uteområde

RAN seilforening er eit idrettslag under Norges Idrettsforbund. Hovedføremålet er å bidra til seilspport. Her har RAN ei rik historie å vise til gjennom 126 års verksemd. Etter at anlegget vart utvida i fleire etappar i 90 åra og kring 2004 med parkering og vegtilkomst, nye kaier og klubbhus, har aktiviteten teke seg betydeleg opp.

Anlegget er ope og med fri tilgang for alle, bortsett fra i bygningene. Ei effekt av tidlegere utbygging, har vore ei stor tilstrøyming frå naboområda på Litle Sotra. Anglevik er ei bygd som ligg nær kommunesenteret i regionen. Det er stor utbygging av bustader i gang og sykkelavstand. Denne utviklingen vil verta ytterligare forsterka dei næraste åra, særleg når det nye Sotrasambandet står klart om nokre år.

Denne delen av eit tett befolka området av Lille Sotra har mykje utmark, men manglar offentlige friluftsområder, spesielt slike som opnar opp tilgang mot sjøen. Slik sett gjev anlegget til RAN ei opning mot sjøen for ålmenta. Mange nyttar anlegget som eit turmål, fiskar frå kai, brygger og bader på fine dager. Sjøsetjing av kanoer og dykking høyrer med. Det er også en båusetjingsrampe som kan nyttast på nærare vilkår. Parkeringskapasiteten er god når anlegget ikkje vert brukt til arrangement. Sporadisk bruk for ålmenta har ikke har ført til konflikta av betydning. Denne bruken fører til at nabolaget får eit godt forhold til anlegget og kjennskap til seglsport.

Anlegget sin utforming legg også til rette med universell utforming, inkludert tilgang til handicap toalett i klubbhuset når det er normal aktivitet på anlegget.

Ved etablering av moloanlegget legg ein opp til ei vesentleg styrking av anlegget sine nærmiljøkvalitar gjennom ytterligere tilrettelegging. Heile det nye området vil verta tilgjengeleg med rullestol. Av aktuelle tiltak kan nemnast ei badestrand inne i anlegget. Den kan tilpassast for funksjonshemma med rullestol rampe. Videre gjev moloen høve til etablering av nisjer for opphald langs brystningsmuren (enkel gapahuk, bålpanneplass ol.)

badetilgang på utsida. Ålmenta og medlemmane i idrettslaget sine kvalitetar for opphald og ulike eigen aktivitetar vil verta vektlagt i detaljplanane.

## **7.9. Barn og unges interesser**

I tillegg til at RAN seilforening er ei leiande foreining for jollesegling for barn og unge i regionen, vil alt som er nemnt under punkt 7.8 vera særskild viktig for denne aldersgruppa

## **7.10. Trafikkforhold**

### **7.10.1. Vegtilkomst**

Ved sia av tilkomst frå sjøsida er anlegget knytt opp til offentleg veg

### **7.10.2. Kollektivtilbod**

Busshaldeplass, ca. 200 meter frå anlegget, har hyppige avgangar til Straume terminal.

## **7.11. Universell tilgjenge**

Heile det nye området får universelt tilgjenge.

## **7.12. Teknisk infrastruktur**

### **7.12.1. Vatn og avlaup**

Det er ikkje trong for auka kapasitet på vassforsyninga. Avlaupsnett på tilstøytande planområde dekkjer behovet.

### **7.12.2. Trafo og kraftlinjer**

Det er ikkje trafo i planområdet. Det er ikkje venta særskild stor auke i kraftbehovet. Trekkjerøyr for vass- og kraftliner vert støyp ned i gangveg på molo. Kapasiteten på eksisterande straumnett er meir enn god nok då sjølve hamna berre få 20 nye plassar.

## **7.13. Miljø, klima og grunnforhold**

### **7.13.1. Stabilitetsforhold i grunn**

Moloen vil i hovudsak liggja på fjell og sandbotn. (Sjå vedlagt dykkar rapport med bilde dokumentasjon). Før oppstart av utfylling vil tjukkelsen på sediment verta oppmålt for å kunna gjennomføra avbøtande tiltak der det er fare for påverknader på leidningar innan planområdet.


## 7.14. Beredskap og ulukkerisiko

Ein vesentleg kvalitet med planforslaget er å redusera faren for havari på noverande anlegg

### 7.14.1. Beredskap

Det er god tilkomst og korte avstandar for alle aktuelle utrykningsetatar i heile området.

### 7.14.2. Vind



Illustrasjon frå NVE sitt vindkart






Planområde markert med raud ring. Årsmiddelvind 8-9 m/sek.

Problemet er når det er sterk vind frå nord, noko ein opplever kvart år om vinteren.

Vindrosa under viser framherskande vindretningar ved Flesland og gjeld i store trekk også for planområdet.




Figur 4: Vindrose delt på årstid, målt ved Flesland.

## 8. SKILDRINGAR OG VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET

### 8.1. Innleiing

Dei planfaglege grepa gjev seg sjølv ut frå eksisterande reguleringsplan og tilstøytande reguleringsplanar. Alternativ flytande anlegg er vurdert, men forkasta på grunn av kostnader ved etablering og drift. Det vil heller ikkje gje tilleggsgevinst for idrettslaget og ålmenta gjennom auka aktivitetsareal.

### 8.2. Planlagt arealbruk



Kopi av plankart. I høve til gjeldande plan vil arealet verta utvida med ca. 2,5 mål i sjø – hovudsakleg i nordaust. Det gjev ca 20 nye båt plassar.

Arealtabell	
§12-5. Nr. 2 - Samferdselsanlegg og	Areal (m <sup>2</sup> )
2041 - Kai (SK)	1747,21
2044 - Molo (Molo1)	879,59
2044 - Molo (Molo2)	445,13
2044 - Molo (Molo3)	183,33
Sum areal denne kategori:	3255,25
§12-5. Nr. 3 - Grønnstruktur	Areal (m <sup>2</sup> )
3040 - Friområde (GF)	755
Sum areal denne kategori:	755
§12-5. Nr. 6 - Bruk og vern av sjø og	Areal (m <sup>2</sup> )
6001 - Bruk og vern av sjø og vassdrå	13724,04
6760 - Idrett/vannsport (VI1)	8971,24
6760 - Idrett/vannsport (VI2)	6288,14
Sum areal denne kategori:	28983,42
Totalt alle kategorier: 32993,67	

### 8.3. Formål knytt til bygningar og anlegg

#### 8.3.1.Type bygningar og anlegg

Bygningar er ikkje aktuell problemstilling. Når det gjeld anlegget vil dette tydeleg framgå av dei andre punkta i planskildringa.

#### 8.3.2.Leike- og uteoppholdsareal

Det er ikkje avsett spesifikke leikeområder. Planen representerer ei vesentleg auke i opphaldsareal ved Vikholmen og på toppen av moloen. Alt dette vil auka kvalitetane for medlemmene og ålmenta. Det er og lagt til rette for ei badestrand innanfor anlegget,

#### 8.3.3.Kommunaltekniske anlegg

Det er ingen kommunaltekniske anlegg innanfor planområdet. I eksisterande plan er det privat utslepp frå slamavskiljar og privat vassleidning i sjø kopla til kommunal vassforsyning. Avfallhåndtering er knyttet til avtale og avfallskontainer med tømning.

#### 8.3.4.Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

##### Køyreveg

Det er ikkje køyreveggar innanfor planområdet. Moloen vert tilknytt kaianlegget i eksisterande plan. Denne vert berre brukt til interne transportføremål. Kaien er knytt opp mot parkeringsplass og offentleg veg. Molotopp og aktivitetsområde er i hovudsak tiltenkt gåande og rullestolar, men det vert mogeleg med motorisert transport av varer og utstyr via bru og fylling til molo området.

Det er ikkje parkeringsplassar innanfor det utvida planområdet. Eksisterande parkeringsplass på landsida dekkjer alle behov knytt til hamneområdet innanfor molo med ca. 80 plassar.

#### **8.4. Bustadmiljø og kvalitetar**

Internt i planområdet er det ikkje bustader. Etter at anlegget vart utvida med parkering og vegtilkomst, nye kaiar og klubbhus, har aktiviteten teke seg monaleg opp.

Anlegget er ope og har fri tilgang for alle, bortsett frå i bygningene. Området vert mykje bruk til lokale og regionale kurs og treningsleirer i jollesegling og regionale og nasjonale mesterskap i jollesegling. Fleire ulike leirar vert avvikla på anlegget, slik som sommarskular for barn og speidararleirer.

Ein effekt av tidligere utbygging, har vert en betydelig tilstrømning av folk som bor i området. Anglevik er en bygd som ligger nær kommunesenteret i regionen. Det er stor utbygging av bustader i gang- og sykkelavstand. Denne utviklingen vil forsterkast de næraste åra, særleg når det nye Sotrasambandet står klart om nokre år.

Denne delen av det tett befolka området av Litle Sotra har mye utmark, men mangler offentlege friluftsområder, spesielt slike som opner opp tilgangen mot sjøen. Slik sett fungerer anlegget til RAN som ein opning mot sjøen for ålmenta. Mange bruker anlegget som et turmål, fisker fra kai, brygger og bader på fine dager. Sjøsetjing av kanoar og dykking høyrer med.

Det er også en båtutsetingsrampe som kan nyttast på nærare vilkår.

Parkeringskapasiteten er god når anlegget ikke vert brukt til arrangement. Sporadisk bruk for ålmenta har ikkje har ført til konflikter av betydning. Denne bruken fører til at nabolaget får nærhet til anlegget og kjennskap til seilспорт.

Anlegget sin utforming legger også til rette med universell utforming, inkludert tilgang til handicap toalett i klubbhuset når det er normal aktivitet på anlegget.

Ved etablering av moloanlegget legges det opp til en betydelig forsterkning av anlegget sine nærmiljøkvaliteter gjennom ytterligere tilrettelegging. Hele området vil bli tilgjengelig for rullestol. Av aktuelle tiltak kan nevnes en badestrand inne i anlegget. Den kan tilpasses for funksjonshemmede for eksempel med rullestol rampe. Videre gir moloen mulighet for etablering av nisjer for opphold langs brystningsmuren (enkel gapahuk, bålpanneplass etc), og bademuligheter på utsiden. Allmennhetens mulighet for opphold og ulike egenaktiviteter vil vektlegges i detaljplanleggingen.

#### **8.5. Folkehelse**

Som det går frå av punktet ovanfor representerer planen ein viktig kvalitet for folkehelsa gjennom ålmenn tilgang og ein sosial arena og organisert idrett.


## 8.6. Støytiltak

Planen representerer ikkje noko endringar av støytilhøva slik dei er i dag.

## 8.7. Terreng, landskap og estetikk

Under utforminga av planen er det lagt vekt på gode estetiske kvalitetar gjennom harmonisk linjeføring og bruk av naturstein som kant mot eksponert område. Vidare plastring av ytterkant molo med stor flat naturstein. Dette vil gli naturleg inn i landskapet omkring. Høgda er tilpassa graden av eksponering mot fjorden, samstundes som utsikta mot fjorden vert ivareteken frå kaiområda innanfor. Gjennom dette vil fjernverknaden verta liten.

## 8.8. Naturmangfald



Illustrasjon som viser dei opne og terskelfrie tilhøva i Anglevik. I tillegg til den store openinga mot nord, er det også god gjennomstrøyming mellom Småholmane – blå linjer på illustrasjon.

Denne delen av Anglevik mangler terskel slik det ofte er i pollar og fjorder og som skaper sirkulasjonsproblemer og daudt botnvatn. (*Poll* er ein innestengt fjord og er kjenneteikna ved at ein terskal munninga utgjer ein flaskehals for utskifting vannmassane inne i fjorden.) Først lenger inne i sundet mot Våge er det en terskel og ein innsnevra munning, men dette berører ikke moloanlegget.

Botnen er derfor prega god sirkulasjon og dermed god vekst av makroalger langs land og eit rikt dyreliv. Området vert brukt til fiske både fra land og med ulike fiskeredskaper frå båt. Det er også gode forekomster av kamskjell, noko som bekrefter den gode tilstandsklassen.

Moloområde vil i hovudsak liggja på fjell og skjellsandbotn., men størstedelen av skjellsandområdet vil bestå. Det er derfor venta fortsatt gode forhold for kamskjell.

Området er inkludert i I «Resipientrapport for - Område 8, Askøy og Fjell: Sørlige Hjeltefjorden, rundt Lillesotra til Vattlestraumen  
Uni Research Miljø SAM-Marin, SAM e-rapport: 06-2017 Prosjektnummer: 810502»

Her vert vannmassane i Anglevik kva gjeld næringssalt og oksygeninnhald i botn prøvane å tilhøyre tilstandsklasse 1 Meget god. Dette er ikke overraskande med den opne undervass topografien.

Molotiltaket er basert på mottak av reine overskotsmassar fra store infrastrukturprosjekt i regionen. Som kjent er det problem at store overskotsmasser i Bergensregionen som må dumpast utan å kunne brukast til samfunnsnyttige førmål. Deler av botnen vil difor verta fylt opp av steinmasser, men det vil likevel være store områder med opprinnelig botn av fjell og skjellsand. Nytt substrat med reine steinmasser vil representere en ny nisje der ulike plante og dyregrupper vil etablere seg. Slik sett vil endringene kunne skape eit ytterlegare biologisk mangfald gjennom etablering av eit rev i et område med godt oksygenerte vannmassar.

Det vesentlege poenget er at det vert oppretthalde gode sirkulasjons tiløve i og rundt anlegget. slik moloen er utforma. Sirkulasjonen inn mot Våge vert oppretthalden nesten uten påverknad. Det er også open sirkulasjon mellom Småholmene og inn i bassenget utenfor moloen. Det samme vil gjelde innanfor moloen ved at det er store opningar i begge ender. Tverrforbindelsen mot Vikholmen er nødvendig for å gje tilgang til store aktivitetsområder, badestrand og båtane innanfor moloen. For å oppretthalde sirkulasjon innanfor moloen vert det etablert ei bru.

## **8.9.Overordna planar og retningsliner**

Planen er vurdert opp mot overordna nasjonale , regionale og kommunale planar. Utan unntak vil etableringa av moloen styrka føringar som er lagt for bruk av kystsona til ålmenne føremål, ved at idrett og friluftsliv får betre rammevilkår. Dette vil og styrke det sosiale nettverk og fellesskap i regionen. Verknaden for naturmiljøet vert ubetydeleg eller styrka. Same kan seiast om estetikken i prosjektet.

## **8.10. Krav til utbyggingsrekkefølge og føresegner**

### **8.10.1.Krav til samtidig opparbeiding**

Ikkje aktuelt

### **8.10.2.Rekkefølgjekrav**

Parkering skal tilretteleggast og sikras innanfor eksisterande anlegg før det nye anlegget takast i bruk.

### **8.10.3.Universell utforming**

Heile planframlegget gjeld ein molo og områder for ulike aktivitetar. Denne flata vert knytt saman med kaiområda innanfor eksisterande kai som i dag har universell utforming. Denne vil i heile planområdet liggja i om lag same høgd moloen og aktivitetsområdet.

Anna


Samfunnsnyttig bruk av steinmassar frå regionale infrastrukturprosjekt..

## 9. KONSEKVEN SAR AV PLANFORSLAGET

### 9.1. Overordna planar og retningslinjer

Planframlegget vil styrka føringar i overordna planar ved å tilretteleggja for auka kapasitet til seglsport, både trening og arrangement . Vidare vil utvidinga styrkje ålmenta sine behov for tilgang til sjøen gjennom utvida opphaldsareal og betre tilrettelegging.

Planen grenser i øst til plangrense for kommunal avløpsledning frå rensesanlegget i Våge – seinast revidert i et kommunalt vedtak - saksnr. 18/153 Fjell kommune. På landsiden følger reguleringsgrensen eksisterende kaifront på RAN seilspanlegg.



Skisse som viser eksisterande reguleringsplan med utvida reguleringsgrense i gult. Under vises grensene meir presist





Utdrag av plankartet som viser yttergrensa for det tekniske moloingrepet som molofofen utgjer– brei raud stripe. Det synlege inngrepet i overflata ligg då lang innanfor den nye reguleringsgrensa.

## **9.2. Natur- og ressursgrunnlaget**

Det er ikkje konflikter og konsekvensar som følgje av planframlegget då dette ikkje inneberer vesentlege endringar frå dagens situasjon.

## **10. Terreng- og landskap**

Påverknadane på landskapet er rekna å gje små endringar i høve til gjeldande reguleringsplan med den flytande hamna. Faktisk kan molen gje eit meir harmonisk bilete en situasjonen i dag. Bruk av stein i plastringa vi ikkje skjera seg ut i høve til landskapet i bakgrunnen i dag

### **10.1. Verknader for naboar og interessekonflikt**

Konsekvensane for naboar er ikkje venta å gje nokon problem. Konsekvensane for naboane er først og fremst at tilgangen til nye aktivitetsområde ved sjøen aukar.

### **10.2. Friluftsliv, naturområde, barn og unges interesser i nærmiljøet**

Ei betydeleg auke av tilgjengelege areal i kystsona vil gje ei stor gevinst for regionen.

### **10.3. Universell utforming og tilgjenge**

Det er tidlegare gjort greie for at anlegget i stor grad får universell utforming nok som er ein stor gevinst for heile regionen.

## **11. Trafikkforhold og teknisk infrastruktur**

Ingen vesentlege konsekvensar

### **11.1. Sosial infrastruktur og servicetilbod**

Planen vil utelukkande vera positiv for den sosiale infrastrukturen i nærmiljøet og i regionen.

### **11.2. Kulturminne og kulturlandskap**

Planen har ingen vesentlege konsekvensar for kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap.

### **11.3. Risiko og sårbarheit**

Etablering av molo krev tilføring av reine steinmassar. Planen er at overskotsmassar frå ulike infrastruktur prosjekt i hovudsak må tilførast med lekter . Vei og kaiområdet er ikkje eigna til slik massiv tungtransport. Under anleggsfasen er det venta at områder i sjøen vert påverka av fin partikkulært materiale. Med dei gode utskiftingstilhøva i området, er det ikkje venta anna en kortsiktige konsekvensar i anleggsfasen.

#### **11.4. Juridiske/økonomiske konsekvensar for kommunen**

Planframlegget vil ikkje utløysa/medføra offentleg innløysingsplikt og/eller ekspropriasjonstiltak for å kunna gjennomførast.

#### **11.5. Energibehov og forbruk**

Ei utviding av hamna vil ikkje føra til nemneverdig auke i kraftbehovet i høve til eksisterande plan.

#### **11.6. Konsekvensar for næringsinteresser**

Planen byggjer på eksisterande plan. Her er det ikkje registrert nokon form for konflikta med næringsinteresser. Inkluderer ein fortøyningane i den noværande flytande hamn, så vil ikkje utvidinga av plangrensa endra på eksisterande situasjon.

## **12. AVVEGING AV VERKNADANE**

Ran Seilforening har hatt store utfordringar med noværande flytande anlegg. Opprinneleg reguleringsplan la og opp til ei mololøysing, men denne let seg ikke realisera av økonomiske årsaker den gong. I staden vart det omregulert til eit flytande anlegg. Dette har ikkje fungert på en god måte. Anlegget har krevd omfattande vedlikehald. Likevel har det oppstått store skader på brygger og båter og dermed tunge økonomiske belastningar for foreningen, medlemmane og forsikringsselskapet. Planforslaget representerer små endringer i høve til eksisterande plan.

Potensialet for vidare ødeleggingar av anlegget er uakseptabelt store og skaper en usikkerheit det er vanskelig å leve med fremover. Om anlegget totalhavarerer i en ekstremvær situasjon, vil det kunne lamme den sportslege aktiviteten og truge laget sin økonomi.

Vidare vil eit stort havari representere ei stor miljøutfordring gjennom knuste brygger og båter. Ny molo er ein førutsetnad for ein trygg hamn og lave driftsomkostningar. I tillegg vil ein sikker havn gje ei betydeleg oppgradering av idrettsanlegget gjennom auka aktivitetsområder. For ålmenta representerer det og økt verdi som friluftsområde mot sjøen.

Mange store samferdselsprosjekt slit i dag med store overskotsmassar av stein. Det er stort problem å plassera desse massane på ein måte som er samfunnsgagnleg. Gjennom å ha ein godkjent reguleringsplan med behov for massar, får ein stor gevinst for samfunnet. Foreningen kan då bruka massane til å vidareutvikla anlegget for idrett og friluftsliv for store folkegrupper.

## **13.RISIKO- OG SÅRBARHEITSANALYSE**

Det er ikkje forventa at gjennomføring av planen vil føre til behov for omfattande analyse då planen berre er ei mindre utviding av eksisterande plan.

### ***13.1. UTTALER OG MERKNADER***

#### **13.2. Uttaler og merknader ved oppstart av planarbeidet**

Sjå vedlagt merknadsoversikt med kommentarar